

Reidun Landro
Osterfjordvegen 531
5915 Hjelmås

Lindås kommune
Byggesak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
14. 12. 2015	
Art. nr. 14/3090	Løst
Stad. nr.	Flyttingssak

Hjelmås 14.12.15

Søknad om ferdigattest

Søker med dette om ferdigattest på garasje på gnr 194 bnr. 43. Viser til at det vart gjeve løyve til etablering av garasje 25.10.13.

Det er vedlagt situasjonsplan som viser plasseringa av garasjen.

Koordinatar for garasjen:

Ø: 6719885,49 – 300608,70

N: 6719890,94 – 300605,52

V: 6719886,40 – 300597,75

S: 6719880,96 – 300600,92

Garasjen er satt opp i tråd med søknaden med følgende avvik:

1. Det vart gjort ein reknefeil då me støypte plate. I staden for omsøkte mål 9 x 6,7 m, vart det støypt 9 x 6,3 m. Arealet vert difor nesten 4 m² *mindre* enn omsøkt. Me vurderer at det ikkje vert til ugunst for andre – mest for oss sjølve. Dette er korrigert i planteikninga.
2. Under bygginga såg me at det på grunnlag av utsjånaden frå tunet vårt, samt moglegheit til å få dagslys inn på loftet, var fornuftig å legge til eit ark med vindauge. Me vurderer det slik at dette har liten innverknad på andre då det berre er synleg for oss frå tunet vårt. Har lagt ved foto slik at dykk kan få forståinga for korleis det vart sjåande ut. Vedlagte teikningar viser garasje m/ ark.

Helsing


Reidun Landro

Vedlegg:

- Fasadeteikningar, situasjonsplan, plan- og snitteikning
- Foto av garasjen.